

12.09.2009

Mowatane framleis på Shetland



Jørn Øyreng Sunde og Barbara Crawford under det historiske seminaret i Borgstovo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Mowatane er å finna på Shetland den dag i dag, opplyste deltidsansatt forskar og historisk rådgjevar for Baroniet, uskedelingen Jørn Øyreng Sunde, under det tradisjonelle, historiske seminar som han leia i Borgstovo laurdag .Det deltok føredragshaldarar frå begge sider av Nordsjøen. Dette var historisk seminar nummer ni i rekka.

Øyreng Sunde, som er i full stilling som professor i rettshistorie ved Universitetet i Bergen, fortalte særleg om Anders Mowat, som trulig var fødd i Aberdeen-området og som etablerte seg med familie både på Shetland og i Sunnhordland.

30 var møtt fram til seminaret og baronistyrar Anne Grethe Honerød var også denne gongen full av rosande ord om Øyreng Sunde. Ho streka igjen under at han er den i dag som veit mest om baroniet si historie og særleg går meir detaljert inn i dei historiske forutsetningane for etableringa av landets einaste baroni.

Øyreng Sunde streka under i innleiinga si at lokalhistorie blir stadig viktigare og at ein ved desse seminara legg vekt på å setja dei tema som tas opp inn i eit større perspektiv. Det var tilfelle også denne gongen, under overskrifta "Samkvem mellom Noreg og Shetland frå 1200 til 1700"- Seiminarleiaren har tidlegare under desse seminara halde to føredrag om Mowat-familien. I fjor var ekteskapet til Noregs rikaste arving Karen Mowat og den militære befalingsmannen frå Danmark Ludvig Rosenkrantz eit spennande tema. No har Øyreng Sunde vore fire gonger på Shetland, sist sommar på ei vekes fotorundtur, for å læra meir om og illustrera Mowat-familien si historie der. Han varsla ein utstilling neste år.

Øyreng Sunde kom grundig inn på dei historiske føresetnadane for det tette samkvemet mellom Norge og Shetland, som var ein del av noregsveldet og vart busett frå vårt land. Avstanden er ikkje så lang, den er berre 30 seglingstimar og det var truleg mogeleg å halda barselsgrauten varm under overfarten! På 1500- og 1600-talet var det norrøne språk framleis levande på Shetland og toll mellom Shetland og Noreg vart ikkje innført før mot slutten av 1500-talet.

Anders Mowat hadde eitt bein på begge sider av Nordsjøen, til dømes i form av juridiske stillingar, for Shetland hadde framleis norsk rett. Også sonen Aksel vart rik og mektig både i Shetland og på Vestlandet. Handelen var livlig og dei to "landa" utfylte kvarandre. Vestlandet hadde tømmer og shetlendarane saueskinn, saupekjøtt, smør og fisk. Men ein tredje part etablerte seg også i handelsverksemda , det var hanseatane.

Den skotske professor Barbara Crawford orienterte om rekonstruksjon av eit administrativt senter frå 1299 på Shetland, medan arkivsjef Brian Smith tok for seg pantsetjinga av Shetland til Skottland og journalist Magnus Økland hadde båthandelen over Nordsjøen som tema.

Av Ola Matti Mathisen